



Tingvoll, 22.1.2023

NVE  
[uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no)

**Høyringssvar - Etablering av dam og uttak av vatn frå Langedalselva på Strandafjellet i Stranda kommune.**

Dykkar ref. Saksnummer 202212014.

Strandafjellet ved Strandafjellet skisenter er etter mange års utbygging prega av endring og stor nedbygging av natur. Det er lite upåverka natur igjen. I prinsippet er det bra at ski- hytte- og turistaktivitet som førar til store inngrep vert lokalisert til dette området, og ikkje spreidd i meir «jomfruelege» landskap.

Likevel vil vi peike på at omsøkt tiltak førar til at delar av Strandafjellet på ny vert anleggsområde i år framover. Kanskje ein no bør avslutte anleggsdrift og pynte opp skisenteret for gjestene? Ein må syte for at dei som søker fjellet for rekreasjon og avkopling trivst, og unngå at opplevingar vert prega av tekniske inngrep og maskiner.

Vi er glade for at det er laga eit godt søknadsgrunnlag med vurdering av konsekvensar for biologisk mangfald. Artsfunna omtala i rapporten syner ikkje i Artskart. Det hadde vore ein fordel om artsfunn var lagt inn og tilgjengelege for alle.

Vi vil likevel minne på at fjellnatur med myr, sildrande bekkar og bekkekloft har stor verdi i seg sjølv, uansett om ein finn mange raudlista artar ved synfaring. Utgraving av ei stor myr vil også føre til store klimagassutslepp, og myr som er fjerna vil ikkje samle karbon i framtida.

Ein dam som dette er eigna til å endre mønsteret i vassføringa noko i dei aktuelle vassdraga. Lengre periodar med lågvassføring enn det som er naturleg er eit inngrep. Flaum er naturen sin måte å ruske litt opp i vassdraga. Reduserte flaumar vil såleis vere eit inngrep. Vi er ikkje overtydde om at ei rask oppfylling av dammen vil vere bra for naturen langs vassdraget. Saman med liknande inngrep elles i regionen, så er det tale om ein samla verknad som må takast omsyn til.

Vi stiller spørsmål om det er rett å bruke mykje energi til å kunstfryse snø. Det er stor konkurranse blant skianlegga for å få stadig tidlegare snødekke, gjerne ved å bruke kunstsno. Energiproduksjon rammar naturen, og naturinngrepa vil bli større om alle og ein kvar skal pumpe vatn for å lage snø. Vi bør heller setje inn tiltak slik at den naturlege vinteren ikkje blir

kortare og kortare. Sentrale mynde bør på grunn av klimaomsyn sette forbod mot produksjon av kunstsnø.

Vi vil oppmøde Strandafjellet om å vurdere andre moglegheiter for å forlenge sesongen. Eit alternativ kan vere lagring av snø frå året før under sagflis og presenning. Det veit vi er brukt med suksess ved mange skianlegg.

Dersom dammen skal byggast, bør ein prøve å redusere storleiken på demningen. 70 m breidde og 7,3 m høgde er ein svært stor dam. Det er også viktig at ein eventuell dam tilpassast terrenget og miljøet på staden best mogeleg. Dammen må sjå ut som eit naturleg vatn.

Beste helsing

Øystein Folden  
Fylkessekretær